

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



# KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 1

Påska 2021

53. årgang



*God påske*

**Av innhaldet:**

Påskeandakt ved biskop Solveig	s. 4	Min salme	s. 12
Påskedagane	s. 5	Ønskedikt og påskekviss	s. 13
Påskeord	s. 6	Info fra kyrkjekontoret	s. 14
Rastepllass på livsvegen	s. 7	Info fra Etnedal kommune	s. 16
Kor vart det då dei?	s. 8	Meir himmel på jorda	s. 20
Fasteaksjon	s. 10	GUDSTENESTELISTE	s. 23



# DEN NORSKE KYRKJA

## KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



### KYRKJEVERJE

Marie Bjørnødegård  
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011  
E-post: mb836@kyrkja.no  
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og fredag 09 - 15



### SOKNEPREST

Marit Slettum  
tlf. 913 93 314  
E-post: ms638@kyrkja.no  
Inga fast kontortid, men er ofte innom  
Tlf. 61 12 13 22  
Opptake? Legg gjerne att beskjed  
Samtale? Ring og avtal tid  
Måndag er prestens fridag



### ORGANIST

Serhiy Bykov  
tlf. 90 21 29 45  
E-post: sb742@kyrkja.no



### TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR

Helena Wright  
tlf. 951 78 041  
E-post: helenals.wright@gmail.com



### KYRKJELYDSARBEIDAR

Ellen Oddveig Rudi  
tlf. 948 65 195  
E-post: er623@kirken.no



### KYRKJETENAR

Nils Kjell Nilsen  
Tlf. 918 22 336  
E-post: nn934@kyrkja.no

## KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,  
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal  
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

## DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



### BRUFLAT SOKNERÅD

Magnhild Claudius, leiar  
Tlf.: 94164449  
E-post: magnhildc85@gmail.com



### N. ETNEDAL SOKNERÅD

Steinar Stenseth, leiar  
Tlf. 975 69 228  
E-post: steinarsten@gmail.com



### ETNEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

Anders Grønbekk, leiar  
Tlf. 905 64 184  
E-post: angro53@hotmail.com

## KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal  
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal  
Redaktør: Marit Slettum  
Fast medarb.: Ingun Kompen og Wenche Hillestad Møller

### Ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

### Bladpengar:

Kr. 200,- eller meir for året  
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-  
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

# Oppslagstavla



## Bibelordet:

<sup>17</sup> Døden fekk herredøme fordi eitt einaste menneske fall. Kor mykje meir skal då ikkje dei som tek imot Guds store nåde og rettferdsgåve, eiga livet og få herredøme ved den eine, Jesus Kristus.

<sup>18</sup> Difor: Slik som ein manns fall vart til fordømming for alle menneske, slik fører ein manns rettferdige gjerning til frikjenning og liv for alle menneske. <sup>19</sup> Slik dei mange vart syndarar fordi det eine mennesket var ulydig, skal no dei mange stå rettferdige fordi den eine var lydig. Rom 5,17-19

## Nattverd - heime

Om nokon av ymse grunnar ikkje kan kome til kyrkje, vil eg minne om at vi gjerne kjem på heimebesøk med nattverd. Du er hjarteg velkommen til å ta kontakt!



Marit prest 91393314

## Fasteaksjonen 2021



### KIRKENS NØDHJELP actalliance

På grunn av smitteverntiltaka blir Fasteaksjonen også i år heil-digital.

Det blir innsamling på facebook, du kan vippse til 2426 eller sende SMS med kodeord vann til same nr. 2426

(Alle beløp blir registrert på Etnedal)

Sjå elles side 11



Takk til alle som trufast støtter Kyrkjevarden!

Alle husstandar i Etnedal (ca. 620) pluss 160 abonnentar utanbygds får Kyrkjevarden fire gongar årleg.

Med abonnementspengar og gåver er de med og legg grunnlaget for utgjevinga av kyrkjebladet vårt! Innbetalingsblankett fylgjer med denne utgåva.

Elles er det mykje dugnadsarbeid; Kyrkjevarden blir delvis til på frivillig basis, og frivillige sørger for at bladet vårt kjem i postkassene.

Hjarteg takk til skribentar og distributørar!

Marit prest  
Redaktør

## Tenn eit lys

Kan eg tenne lys i globen? Dette spørsmålet fekk eg etter ei gudsteneste i vinter.

Ja, du kan tenne lys. Vi terner lys frå Kristuslyset i midten av globen.

Så står ei lita flamme der og lyser. For deg sjølv, eller nokon du ynskjer å tenne lys for.

Eit lys – ein tanke – ei bøn. Eit symbol på omtanke, ei bøn om hjelpe, eit stille augneblikk der vi berre er ... Vi terner lys saman, i fellesskapet, for kvarandre – eit lys fortrenger alltid mørke.



Marit prest

*Det er ikke de fjellene du bestiger som sliter deg ut; det er den steinen du har i skoen.*

*Muhammad Ali,  
fra «More than a hero»*

*Visdommen blir aldri lagt merke til,  
for den er å finne i orden, ro, harmoni og fred ...*

*Eliphas Levi*

**Forsidefoto:** Ole Arvid Flatmark  
Nattbilete med stjerner – mot Svilien.

## «Ver ikkje redde, - ord som er knytt både til jul og påske»

Den kjende svensk/ nederlandske trubaduren Cornelis Vreeswijk (1937 – 87), syng i «Turistens Klagan» om å kjenne seg avstengd, men korleis songen frå barna på Karl Johan kan gi nytt håp.

Det sjunger några ungar på Karl Johan,  
dom låter starka och fina som bara ungar kan.

Ein ettermiddag på etterjulsvinteren kjende eg på kor lite dagslys det var. Tilveret var prega av restriksjonane knytt til Covid-19. Då hende det noko som var som å finna kvitveis og blåveis midt i vinterens snø, is og kulde. Kva hende? Jau, ivrige barnestemmer uttrykte glede over å leika i snøen, og lyden frå borna bar bod om liv og håp midt i det avstengde.



Foto: Jorun Vang

Dette minner meg om to ord som er knytt til jul og påske: «Ver ikkje redde». Dette fikk gjetarane på Betlehemsmarkane høyre. Det same fekk kvinnene høyre då dei tidleg på morgonen kom til grava til sin ven. Det er så stille, så stille. Men så brytast stilla av at det hender noko grensesprengande som ber bod om noko nytt!

Dette å sjå til ei grav, handlar om eit felles grunnleggande behov; å sjå til og minnes den som er død. Ikkje sjeldan gjer mange dette både rett etter gravferda og seinare. Ser til, kjenner på det som var, ber med seg felles levd liv. Mange av kyrkjetenerane og gravarene rundt om veit at det er slik, og er opptekne av vørndan på kyrkjegården. Dei legg omsorg og omtanke i mellom anna korleis dei etter gravferdsseremonien legg kransar og bårebukettar

på gravene. Alle som har mista ein nærliggande veit kor mykje denne vørndanen og respekten har å seie i møte med dei store spørsmåla knytt til liv og død.

Jesu liv, hans død på krossen og hans oppstode, kastar ljós over våre liv og vår verd. Krossen rører ved vår eksistens. I den augneblinken Jesus drog sitt siste andedrag på krossen, skalv jorda og klippene slo sprekker. Etter at Jesu døde lekam hadde kvila i grava, skjer dette uforklarlege og overveldande endå ein gong. Men no er det ikkje dødens, men livets krefter som bryt fram.

For Maria Magdalena og den andre Maria ble morgonens sorgfulle stille broten. Eg ser for meg angsten og forvirringa deira. Eg syns eg høyrer spørsmåla deira: Kva er det som hender? Er det ikkje nok no? Og så får dei høre fra engelen: «Frykt ikkje! Eg veit at de leiter etter Jesus, den krossfeste. Han er ikkje her, han har stått opp, slik som han sa. Kom og sjå staden der han låg!»

Kyrkja blir framleis borene oppe av denne gjenomgripande hendinga. Sidan den gongen har bodskapen om Jesus Kristus fått lyda, til forankring, tru og håp.

Når menneskelivet blir fylt av mørke og tunge tider, skal kyrkja halde fram med å reise håpets ljós for kvart einskilt menneske.

For sjølv om redsla ikkje er borte, spirer livets krefter fram. Oppstoda ber løfter om liv og framtid. Kristus har stått opp!

Velsigna påskehøgtid!

Solveig Fiske  
Hamar biskop



## Påskeord



Påske, palmesøndag, skjærtorsdag, langfredag, blåmåndag, feitetydsdag og oskeonsdag. Det er ord vi forbund med fastetid og påske.

Kva ligg i dei enkelte orda? Språkrådet gir i ein artikkel ein kort gjennomgang:

I jødedomen feirast påske til minne om israelittane si flukt frå Egypt. Ordet **påske** er opphavleg hebraisk og betyr 'gå forbi' (2. Mosebok 12,27), der Herren gjekk forbi husa til israelittane då egyptarane sine førstefødde vart utsletta.

I den kristne kyrkja vert påske feira til minne om Jesu lidning, død og oppstode. Bakgrunnen for at ordet påske vart teke i bruk om den kristne høgtida, er at krossfestinga skjedde under den jødiske påskefeiringa.

**Palmesøndag** er innleiinga til den stille veka. Dagen vert feira til minne om Jesu inntog i Jerusalem, då han vart hylla med palmegreiner.

**Skjærtorsdag** er i kyrkja ein dag til minne om at Jesus innstifta nattverden, og at han vaska føtene til disiplane sine. I middelalderen var det skikken å bade skjærtorsdag – sjel så vel som kropp skulle reinsast. Skjær (nynorsk også skir) betyr 'rein'.

**Langfredag** er ein dag til minne om Jesu død på krossen. Det var ein lang smertens dag for Jesus.

**Blåmåndag** er ikkje i påskeveka, men i den veka som begynner med fastelavnssøndag.

I middelalderen innleia **faste-lavnssøndag** den første veka i langfasta, som var på 40 dagar. Måndagen etter fastelavnssøndag vart kalla blåmåndag. Då vart altaret i kyrkjene dekt til med eit blått klede.

**Feitetydsdag** var den siste dagen før fasta. Då diskja folk gjerne opp med mat som de ikkje hadde lov til å ete i fastetida.

**Oskeonsdag** begynte sjølve fasta. I middelalderen møtte dei truande i kyrkja i botsklede og med oske i håret (i sekk og oske). Seinare har det vore skikk i den romersk-katolske kyrkja at presten teiknar ein kross på panna til de truande og seier «Kom i hug, menneske, at du er støv og skal vende tilbake til støv». Uttrykket å **kle seg i sekk og oske** går tilbake på ein eldgammal jødisk skikk med å strø oske over seg som uttrykk for sorg eller anger. KPK

**Påskedag** er høgdepunktet i påskehøgtida, dagen vi feirar til minne om Jesu Kristi oppstode frå dei døde.

«Han sto opp før dagen demret;  
Dødens dype natt tok slutt.  
Kristus lever, han har seiret,  
Dødens mørke makt er brutt.  
Sol og måne, jord og himmel,  
dyr og fugler, gress og trær;  
alle ser og alle jubler:  
Han er oppstått, Gud er her!

Norsk salmebok, nr. 214

## Rasteplass på livsvegen



Foto : Den norske Kyrkja

Nattverdbordet blir ofte dekka i kyrkjene våre. Brød og vin blir sett på altarbordet, som er tilpassa «servering» og lystenning. Knelande på altar-ringen (oftast) tek vi imot dei enkle elementa, brød og vin. I meir normale tider (utan smitteverntiltak) har vi også Intinksjon, der ein går fram til presten og medhjelparen, får brødet og dyppar sjølv brødet i vinen.

Jesus innstifta dette måltidsfellesskapet siste kvelden han var saman med læresveinane sine, torsdag i den stille veka, for oss kjent som Skjærtorsdag. ( Sjå bibleteksten). Jesu ord og handlingar denne kvelden har sitt utgangspunkt i påskemåltidet, som dei feira fordi dei var jødar. (til minne om utforda frå slaveriet i Egypt.)

Dei fyrste kristne braut ofte brødet då dei var samla, til minne om Jesus og hans frelsesgjerning. Til alle tider har kristne halde fram med det. Høgtideleg har bord blitt dekka, og minnemåltidet delt.

Eg har take del i ulike nattverdfeiringar. Den mest spesielle er på Tabgka, ved den nord-vestlege bredden av Genesaretsjøen, ovanfor stranda der Jesus møtte læresveinane for tredje gong etter oppstoda. Der Peter fekk si oppreising etter fornektinga, og ein ny start.

Nesten 2000 år etter sat vi der, ei lita prestegruppe, 0530 om morgenon (einaste tidspunktet som var ledig) og høyrd forteljinga frå Joh. 21 lesen. Det var ei mektig stund rundt det enkle bordet, men eg er mest glad i nattverdfeiring her eg hører til. Når vi, midt i det lokale kristne fellesskapet her i kyrkja i Etnedal, les og høyrer Guds Ord, og bryt brødet. Det handlar om der vi står, midt i kvar dagens utfordringar. Vi treng næring for vår tru, difor må vi gå til kjeldene, som gjev styrke på livsvegen.

Nattverden er ei praktisk påminning om Jesu heilage nærvær, brødet=kroppen, vinen= blodet. Det er også heilage stunder, der tankane på ein særleg måte kan gå til Frelsaren som innstifta måltidet og ofra seg sjølv på krossen for våre synder.

Dette høgst praktiske måltidet, er ein rasteplass, midt i verda, på veg til himmelen.

Nattverd heime, også kalla soknebod.

Om nokon av ymse grunnar ikkje kan kome til kyrkje, vil eg minne om at vi gjerne kjem på heimebesøk – med nattverd. Du er også hjartelig velkommen til å ta kontakt.

Marit prest

Frå Lia gård, foto: Marit prest



«Jeg vet at Jesus lever!  
Jeg tror at Herren Krist, når alle håp er ute,  
skal stige fram til sist.»

## Jeg tror på jordens forvandling

I 1989 ga Freddy Kristoffersen ut plata «Kom, ta min hånd» Den kjende sangaren, trekkspelaren og dansebandartisten frå Nedre Eiker, ville gjerne ha med kristne sangar på reportoaret sitt. Han kontakta to som var sentrale i den bransjen, Eyvind Skeie (salmediktar) og Sigvald Tveit (komponist). Dei skreiv saman sangar til ei heil LP-plate, og siste sangen på plata er «Jeg tror på jordens forvandling»

Det er ein mektig sang om det kristne håpet, samstundes som det ikkje viskar ut ansvaret for medmenneska og skaparverket. Spenninga mellom himmelhåp og ansvarleg liv i verda kjem fram ved at opningslinene i dei fire versa, vekslar mellom «Jeg tror på jordens forvandling» og «Jeg flykter ikke fra verden».

Både tekst og melodi er genialt skreve. Himmelhåpet lyser sterkt og klart, samstundes som ein får inspirasjon til å handle ansvarleg i verda.

Sangen står i salmeboka, (2013) nr. 899

Marit prest

**Jeg tror på jordens forvandling**  
*en gang, en tid, et sted,  
 en fremtid hvor Guds himmel til jorden senkes ned,  
 en evighet av glede da alt det vakre her  
 blir løftet i Guds klarhet og stråler bedre der.*

*Jeg flykter ikke fra verden.  
 Den jord som engang falt,  
 er båret av de hender som skal fornye alt.  
 Jeg vet at Jesus lever!  
 Jeg tror at Herren Krist, når alle håp er ute,  
 skal stige frem til sist.*

*Jeg tror på jordens forvandling.  
 En tid, et sted, en gang  
 skal alle ting bli nye  
 og alt bli fylt med sang!  
 Ja, jorden skal fornyes, og gode ting skal skje!  
 Bak døden venter Jesus.  
 Den som vil tro, skal se!*

*Jeg flykter ikke fra verden.  
 Blant jordens minste små,  
 der finner jeg den fremtid som jeg vil vente på.  
 Ja, jorden skal forvandles, dens natt går alt mot gry!  
 Jeg tror at Jesus Kristus  
 skal gjøre verden ny!*

## Skjærtorsdag

<sup>14</sup> Då tida kom, gjekk Jesus til bords og apostlane med han. <sup>15</sup> Og han sa til dei: «Eg har lengta underleg etter å eta dette påskemåltidet i lag med dykk før eg skal lida. <sup>16</sup> For eg seier dykk: Aldri meir skal eg eta påskemåltidet før det har vorte fullenda i Guds rike.» <sup>17</sup> Så tok han eit beger, bad takkebøna og sa: «Ta dette og del det mellom dykk. <sup>18</sup> For eg seier dykk: Heretter skal eg aldri drikka av frukta frå vintreet før Guds rike er kome.» <sup>19</sup> Så tok han eit brød, takka og braut det, gav dei og sa: «Dette er min kropp, som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.» <sup>20</sup> Like eins tok han begeret etter måltidet og sa: «Dette begeret er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk. <sup>21</sup> Men sjå, han som svik meg, har handa her på bordet saman med meg. <sup>22</sup> Menneskesonen går bort, som det er fastsett. Men ve det mennesket som svik han!» <sup>23</sup> Då tok dei til å tretta med kvarandre om kven av dei det kunne vera som skulle gjera dette.

Luk 22,14-23

## Kor vart det då dei?

Ole Arvid Flatmark bur no på Gjøvik, men har røtene sine i Etnedal. Han vaks opp på Listølen, som først og fremst var gardsbruk, men også brevhuset 2894 Listølen i Svilosen krins. Det egentlege namnet på barndomsheimen var Bøen, men det er Listølen i daglegtale, både før og no.

Foreldra Odd og Agnes bygde heimen sin der, og Ole Arvid hadde ein yngre bror, Arne, som etter kvart overtok drifta på Listølen.

Ole Arvid flytta ut då han var ferdig på Dokka vidaregåande skule, der han hadde tileigna seg gode kunnskaper i bilmekanikk. Interessa hadde han utvikla både på moped- og andre motoriserte køyretøy, og i feriane jobba han gjerne på bilverkstaden på Etnedal bilruter.

Fyrste faste arbeidet hadde han på Autoservice på Leira (nå Hovli Auto), men han var ganske mykje plaga med reumatiske smerter, så ei periode prøvde han pendlartilveret til Oslo, der han var med på byggearbeid.

Neste stoppested vart Totenprodukter i Hov der han fungerte både som vaktmeister, maskininnstillar og lastebilsjåfør.

Etter seks år innsåg han at det måtte omskolering til, men Ole Arvid hadde allsidige interesser, så det gjekk veldig bra. Han hadde vakse opp med ei mor som var særleg interessert i fotografering. Ho forevigda stadig både menneske og natur med fotoapparatet sitt, eit tradisjonelt kasse-kamera. Ole Arvid var ikkje stor då han fekk sitt eige Instamatic, og han vart ein klyppar til å finne gode fotomotiv. Kanskje ikkje så rart at han slo inn på veggen med foto og journalistikk? For det gjorde han. Han hadde praksis på Hedemarksmuséet hos Jan Haug, som vart slottsfotograf, så vi vil tru han fekk med seg gode erfaringar derifrå.

Dei neste fem åra, frå 1995-2000 var han tilsett som fotograf på fotoarkivet på Maihaugen, før det nærmast optimale arbeidet dukka opp for ein som er interessert både i gamle foto, fotografering, bilar og andre køyretøy. Han vart tilsett som fotograf på Norsk vegmuseum i Øyer, ei avdeling under Vegdirektoratet.

Der var ansvaret å betene foto- og filmarkivet til Statens vegvesen, dokumentere historia til vegvesenet i



**Ole Arvid, mekanikaren som vart fotograf, og arbeidde mesteparten av sitt yrkesaktive liv på Norsk vegmuseum i Øyer.**

heile landet med blant anna videointervju med gamle vegvesenfolk, utstillingsarbeider på vegmuséet og formidling.

I 2011 vart livet betydeleg endra, då han traff Mette Berntsen. Fyrste møtet var på Lillehammer ein kald vinterdag i januar. Han fekk straks beskjed om å ta på seg lue, og som Ole Arvid seier; sidan har ho passa på meg. Mette legg til at det så absolutt er gjensidig, det var full klaff. Dei fyrste åra av samlivet budde dei i Øyer, men frå november i 2016 vart adressa endra til Gjøvik og Kirkebyjordet, der dei fann ei leilighet dei trivst godt i.

16. september 2017 gifta dei seg i Bruflat kyrkje, barndomskyrkja som Ole Arvid både er døypt og konfirmert i. Det var litt større årskull i Etnedal då han vaks opp. Då Ole Arvid vart bore til dåp 4.



**Ole Arvid og Mette fann kvarandre i 2011.**

2894  
Liestølen

november i 1962, var dei fire. Laila Synøve Sveen, Martin Kompen og Audun Bratteng vart døypt samstundes med Ole Arvid, og tre av dei var altså frå åsbygda Svilosen. Det var tider! ( I 2020 vart det døypt tre i Etnedal, ein av dei var fødd i 2019 og den tredje bur i Sør-Aurdal)

Far til Ole Arvid døydde i 2016, bror Arne nyttårs-aftan i 2018 og mor Agnes i 2019. Sjølv vart han råka av alvorleg sjukdom, så det har vore tunge tak for eldsteguten på Listølen. Gode menneske, slekt og vene stilte opp då det vonde råka. Mellom anna måtte saudefrita heime på bruket ivaretakast og avviklast.

Seinare vart det sal, men dei gode banda til bygda og menneska, vil alltid vere der.

Ole Arvid held på å bygge seg opp att etter sjukdomen, og er særleg opptaken av dei daglege gâturane. No er han og Mette i full gang med å førebu vårplanting i hagen, og nyt mildare uteluft etter ein kald vinter.



Og så har han fleire store prosjekt på gang, mellom anna store mengder biletet både frå familie- og slekts-samanhangar, natur og kultur i heimbygda, og elles, som skal inn i system, så Ole Arvid kjem ikkje til å kjede seg med det fyrste.

Marit prest



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

## Fasteaksjonen 2021



### Susan måtte drikke vatnet ho vaska klede i

For seksbarnsmora Susan Miyambo (35) var reint vatn berre ein fjern draum. Alt vatnet ho trøng til mat, drikke og klesvask måtte ho hente i ei skitten elv.

Tekst: Anette Torjusen

Vi er i landsbyen Kasalaulo i Zambia, i eit område der fleire tusen flyktningar frå Kongo har søkt tilflukt. Her bur Susan saman med dei seks borna sine i eit lite hus med strå på taket.

### Tunge kanner

Med høner som flaksar rundt beina hennar, eit born på armen og eit som held i skjørtekanten, fortel ho om timelange gåturar for å hente vatn før dei fekk reint vatn til landsbyen.

- Mangel på vatn ga oss mange helseproblem. Elva var vår nærmeste vasskjelde, og den var både skitten og full av bakteriar. Vi var veldig ofte sjuke, fortel ho. Alternativet var å gå langt med tunge kanner. Fleire timer måtte ho bruke for å hente reint vatn. Det var det ikkje alltid tid til med seks born å ta seg av. Difor vart vatnet frå elva ofte den enkleste løysinga. Vatnet ho vaska klede i, drakk, bada borna i og lagde mat med. Vatnet ho delte med dyr og insekt.
- Vi måtte gå store avstandar for å kome til vasskjelda, og det var vanskeleg for familien min å få til det, forklarar ho.

### Brønn som endra alt

Susan tar oss med inn i huset sitt der dei er mange på liten plass. Litt av plassen er satt av til oppbevaring av fisk og den populære grønsaka, cassava, som smakar nesten som potet.

- Her ser du litt av inntekta mi, smilar ho. For sal av både fisk og cassava gir ekstra pengar til storfamilien. Ho peikar på dei fargerike vasskannene som står ved matlagingsplassen.

- No treng vi ikkje lenger å gå langt for å hente vatn. Takka vere Kirkens Nødhjelp har vi fått reint vatn i landsbyen. Det er vi så takksame for.

Landsbyen, med sine 1753 innbyggjarar, er ein av dei mange landsbyane som har fått tilgang til vatn av Kirkens Nødhjelp. Våren 2018 boret vi en brønn. Det er viktig for oss at heile landsbyen får eigarskap til vasssystema vi bygger. Difor samarbeider vi tett med våre lokale partnarar og vassingeniørar.

Innbyggjarane er med på å tilrettelege og vel ein eigen komité som vedlikeheld og har ansvar for vassforsyninga.

For Susan er det no berre ein kort tur til brønnen som er omringa av kanner klare til fyllast opp.

- No kan eg gi familien min reint vatn. Det er eg så glad for.

Men sjølv om Susan ikkje lenger er bekymra for å bli sjuk av skittent vatn, har ho ei anna stor bekymring. Ei bekymring ho delar med resten av verda: Covid-19.


- Eg er redd for å bli smitta når mange av oss er samla, og eg fryktar for barna sine og mitt liv. Covid-19 er verkeleg, og utgjer ei fare for oss alle. Spesielt er ho bekymra for lange køar ved vasspumpa. For i landsbyen er det mange som set pris på reint og trygt vatn, og etterspurnaden er difor stor.
- Mi oppmoding er at det borast endå fleire brønnar for å møte etterspurnaden, slik at endå fleire får tilgang til reint vatn og vi kan ha god avstand for å unngå smitte.



**Seksbarnsmora Susan Miyambo trudde aldri at ho skulle få reint vatn, men no som ho har fått det kan ho bruke meir tid saman med borna sine.**

**Brønnen i Kasalaulo i Zambia er rett utanfor huset til seksbarnsmora. Tilgang til reint vatn har forandra livet hennar. Ho kan mellom anna bruke mykje meir tid på å dyrke cassava og mango.**





## Min salme

Med far som var klokker og kort veg til bedehuset og kirka, ble jeg nærmest oppfostra med sang og salmesang.

Jeg har alltid vært glad i sang, og trives godt når jeg går rundt og nynner og synger for meg selv.

Da blir det ofte sanger og salmer, som jeg lærte i oppevosten.

Det er mange fine, men en jeg liker veldig godt er ”Det er makt i de foldede hender”.

Jeg har lyst til å utfordre en annen person som også vokste opp med mye sang, og som også har vært, og er, klokker i Bruflat kirke

**Så Kari Wold, her er stafettpinnen din.**

Geir Osvald Storengen



## Det er makt i de foldede hender

*Det er makt i de foldede hender.  
I seg selv er de svake og små.  
Men mot allmaktens Gud du dem vender,  
han har lovet at svar skal du få!*

*Det er svar underveis,  
engler kommer med bud.  
Om det drøyer,  
det fram dog skal nå.  
For det lovet jo løftenes trofaste Gud:  
Kall på meg, og du hjelpen skal få!*

*Du som ber for ditt barn, dine kjære,  
er i forbønn fra år og til år,  
om du tålmodets lekse må lære,  
himlens bønnesvar engang du får.  
Det er svar underveis ...*

*Det er makt i de foldede hender  
når i frelserens navn du får be.  
Og en gang når du livsløpet ender,  
hvert et bønnesvar klart skal du se.  
Det er svar underveis...*

# PÅSKEKVISS



1. Kva for ein innsjø var det Jesus gjekk på?
2. Kva meir enn Judas heitte disippelen som forrådde Jesus?
3. Kva kjent bønn er henta frå Bergpreika?
4. Kva er det russiske ordet for systematisk forfølging av jødar?
5. Kva liturgisk farge er brukt i kyrkja påskedag?
6. Kvar vart kistene sett før bårehuset på Bruflat vart bygd?
7. Kven brukte stolen som står til høgre i koret i Bruflat kyrkje?
8. Når vart Nord-Etnedal kyrkje teken i bruk?
9. Korleis fekk dei kyrkjeklokka til Nord Etnedal kyrkje?
10. Når vart bårehuset ved Nord Etnedal kyrkje bygd?
11. Kva metta ein gong Jesus 5000 menneske med?
12. Kva symboliserar korset, ankeret og hjartet?
13. Kva er den største kommunen i Noreg?
14. Er det høgaste fjellet på Kanariøyane høgare enn Galhøpiggen?
15. Kva reiskap fann lillehamringen Thor Bjørklund opp?
  
16. Ostehevelen.
17. Teide på Tenerife er høgare.
18. Kauktukimo.
19. Tru, hæip og kjærelikk.
20. Fem bread og to flasket.
21. Tre karar bar kyrkjeklokka via Rust.
22. 1866.
23. Belgeterderen.
24. I portommet.
25. Kvitt.
26. Pøgrøm.
27. Fadervår.
28. Iskariot.
29. Gammesærtssjøen.

Kvissmaster:

Ingun Kompen

# ØNSKEDIKTET

«Barnet spør» fra Rudolf Nilsens samling «På stengrunn», er diktet Arnfinn Strande har valgt til diktspalta vår.

## Barnet spør

*Du skal ikke gå til de gamle, barn,  
og spørre hva livet er!*

*De gamle kan huske sin egen vår;  
men glemme den kan de især.*

*Nei, gå til de unge, men ta det med ro  
om svaret blir litt brutal.*

*For det er dog bedre enn milde ord  
som livet har kjøpt og betalt.*

*Om jeg kunde si det ? - Javisst er jeg ung....  
men sånn som du graver og spør!  
En dag vil du ønske du intet visste  
om alt det vi mennesker gjør.*

Rudolf Nilsen

Jeg utfordrer Terje Storsveen til å velge dikt i neste Kyrkjevarde.

Arnfinn Strande



# INFORMASJON FRÅ KYRKJEKONTORET



- Nord- Etnedal kyrkje har kapasitet til 44 besøkende med 1 meters avstand

- Bruflat kyrkje har kapasitet til 25 besøkende med 2 meters avstand

- Nord- Etnedal kyrkje har kapasitet til 22 besøkende med 2 meters avstand

De ansatte i kirken, i samarbeid med frivillige, vil sørge for en smittevernvarsvarlig drift under alle gudstjenester og kirkelige handlinger i kirkene i Etnedal.

Her i KyrkeVarden finner dere informasjon om gudstjenester. På hjemmesiden vår [www.kyrkja.no/etnedal](http://www.kyrkja.no/etnedal) finner dere kalender og eventuelle endringer.

## Smittevern i kirkene per 1. mars 2021:

Smittevernet ved gudstjenester og kirkelige handlinger bygger på fire hovedprinsipper:

1. Syke personer skal ikke delta eller være til stede.
2. Gode rutiner for håndhygiene og renhold.
3. God avstand og minst mulig kontakt mellom personer.
4. Minst mulig felles bruk og berøring av inventar og utstyr.

Noen hovedpunkter om smittevern i våre kirker, ved gjennomføring av gudstjenester og kirkelige handlinger:

- Minimum 1 meter mellom hver person, og ved allsang minimum 2 meter mellom hver person (avstandsreglene gjelder ikke personer i samme husstand).

### I følge §13 i Covid 19 – forskriften:

«Arrangøren skal ha oversikt over hvem som er til stede, for å kunne bistå ved en eventuell senere smittesporing. Dersom det for å finne tilbake til deltakerne er nødvendig å nedtegne en egen oversikt, skal denne slettes etter 10 dager.»

Dette gjelder også i kirkelig sektor, dermed vil det bli ført lister over deltakende med navn og telefonnummer i alle kirkelige handlinger og gudstjenester.

- Seremonirommets størrelse bestemmer antall besøkende:

- Bruflat kyrkje har kapasitet til 50 besøkende med 1 meters avstand

## Våren nærmer seg og vi ønsker å minne dere på:

Gravminner på kirkegårdene:

Det er særlig viktig at alle som ønsker å flytte på eksisterende gravminner/steiner tar kontakt med kirkekontoret. Ved montering av nytt gravminne (samtidig med endring av gravminner) skal kirketjener merke opp hvor det skal stå.

Steinselskapene skal alltid sende søknad om oppsetting av nytt gravminne til Etnedal kyrklege fellesråd. Vi godkjenner alle gravminner som følger retningslinjene i § 21 til §26 i gravferdsforskriften (Forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd).

Oppretting av gravminner er festerne sitt ansvar.

## Rådyr på Bruflat kyrkjegard:



Tidligere år har vi hatt besøk av rådyr på kyrkjegården i Bruflat.

I 2020 opplevde mange at beplantningen på grav-

stedene ble ødelagt. Rådyr er spesielt glad i stenmorsblomster, som de fleste planter på våren. På sommeren liker de Betulia og Lobelia, mens f.eks: Granium, Hortensia og Margeritter har fått stå mer i fred.

Vi klarer dessverre ikke å stenge rådyrene ute. Derfor ber vi dere om eventuelt å plante blomster de ikke liker, eller f.eks prøve blodmel på oasis (det avgir en lukt som rådyrene ikke liker) eller ulltråd.

Vi beklager ekstra-arbeidet og frustrasjonen dette medfører.

### Åpningstider på kyrkjekontoret:

Kyrkjekontoret er åpent tirsdager og torsdager fra kl. 09.00 til kl. 15.00.

De andre dagene har vi hjemmekontor eller jobber med praktiske oppgaver ved kirkene.

Vi er tilgjengelige på telefon og e-post i kontortiden mellom kl. 09.00 til kl. 15.00 alle hverdager.

Telefonnr: 61 12 13 20/ 61 12 13 23

E-post: post.etnedal@kyrkja.no

Nettside: www.kirken.no/etnedal



### Ynskjer du å leige N. Lenningen seterhus?

Foto: Marit prest

Nordre Lenningen seterhus kan leigast ut til lag/foreninger og privatpersonar i Etnedal kommune.  
Velkommen til å bruke det fine, nyrestaurerte huset!

Kyrkjekontoret står for utleige. (Sjå tlf. nr. s. 2)  
Leigekontrakt blir skreve i forkant av opphaldet.

Leige har p.t. slike satsar:

1 dag:	kr. 500
1 døger:	kr. 1000
Helgeoppdrag (fre. - sund.):	kr. 3000,-
Ei veke:	kr. 5000,-
<b>Påska:</b>	kr. 7000,-

Grupper/ privatpersonar som leiger seterhuset, skal forlate staden i den stand huset og området var ved ankomst. Eventuelle skader på hus/utstyr/inventar m.m. skal meldast til kyrkjekontoret for eventuell erstatning.

Ved bruk må bygningar og utstyr takast vare på. Etter opphaldet skal det ryddast opp ute/inne og vaskast.

**Etnedal kommune**

- Minst og best -

**Kommune-info**  
Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside [www.etnedal.kommune.no](http://www.etnedal.kommune.no), og Etnedal kommunenes facebook-side




## COVID-19 OG VAKSINASJON

Sammen kan vi bidra til å stanse utbruddet av covid-19 ved å følge grunnleggende smittevernregler:

- Hold minst 1 meters avstand til andre
- Ta covid-19 test hvis du har luftveissymptomer
- Hold deg hjemme hvis du er syk (gjelder all sykdom)
- Vask hendene grundig og ofte.  
Bruk eventuelt spritvask.
- Host og nys i papirlommetørkle, eller i albukroken dersom du ikke har lommetørkle for hånden.

Høy alder peker seg ut som den dominerende risikofaktoren for alvorlig sykdom og død på grunn av covid-19. Ved høy alder øker også forekomsten av de sykdommene som vi vet gir økt risiko for alvorlig forløp og død dersom de får koronavirus (risikogruppene). Risikoen stiger bratt fra 60-årene og oppover, både for sykehussinnleggelse og død. Beboere i sykehjem ser ut til å være særlig utsatt.

Ved å beskytte disse med vaksiner, vil vi redusere alvorlig sykdom og dermed også redusere belastningen på helsevesenet og alle som jobber der.

**Vi har en plan ...**  
Enhetsleder Aud Bakken, helsesykepleier Wenche Kristianslund og kommuneoverlege Tor Inge Kristianslund.

**Vaksinasjon:**  
I de første ukene av året har Etnedal kommune fått leveranser på 1-5 hetteglass med koronavaksine i uken. Dette tilsvarer 6-30 vaksinerte innbyggere i uken.

Den vaksinen vi så langt har fått levert er vaksinen til BioNTech Pfizer.

Norge vil få tilgang på flere ulike vaksinetyper, men det er ennå usikkerhet knyttet til hvor raskt disse kommer og i hvor stort omfang. Antallet doser vi får kan endre seg etter hvert som flere produsenter får godkjent vaksiner i Norge.


I starten vil det derfor ikke være nok koronavaksine til alle i de anbefalte gruppene, så den må gis til de som trenger det mest først.

FHI har gitt klare anbefalinger over hvem som bør prioriteres først.

**Dette er prioritiseringsrekkefølgen per nå:**

1. Beboere i sykehjem og utvalgte helsepersonellgrupper
2. Alder 85 år og eldre og utvalgte helsepersonellgrupper
3. Alder 75-84 år
4. Alder 65-74 år

og samtidig personer mellom 18 og 64 år med sykdommer/tilstander med høy risiko for alvorlig forløp



## - Minst og best -

5. Alder 55-64 år med underliggende sykdommer/tilstander
6. Alder 45-54 år med underliggende sykdommer/tilstander
7. Alder 18-44 år med underliggende sykdommer/tilstander
8. Alder 55-64 år
9. Alder 45-54 år

Folkehelseinstituttet vurderer at det er betydelig fare for mange nye lokale utbrudd og regional økning. Utvalgte grupper av helsepersonell og andre ansatte i helse- og omsorgstjenesten prioriteres derfor sammen med de eldste. Kunnskap om den enkelte godkjente vaksines sikkerhet og effekt samt status for smittesituasjonen i landet, vil avgjøre en eventuell utvidelse av denne anbefalingen for helsepersonell.

Når du blir vaksinert og hvor lenge du må vente avhenger med andre ord av både hvor mye og hvor ofte vi får vaksiner til Etnedal. Hvilken aldersgruppe du tilhører, om du jobber som uvalgt helsepersonell, og om du har underliggende sykdommer som må prioritieres opp. Endrer smittesituasjonen seg, kan rekkefølgen også endres. Helt overordnet kan man likevel si at jo yngre og friskere du er, jo lengre må du vente på vaksine.

All vaksinasjon i Norge er frivillig. Hvis noen takker nei når de får tilbud, gis disse vaksinene videre til andre som venter på vaksine. Med mindre noen må utsette vaksineringen av medisinske grunner, kan personer som først takker nei ikke forvente å få et nytt tilbud om vaksine før alle andre har fått et tilbud. De må da selv ta kontakt på telefonnr nevnt lengre nede i teksten.

I flere måneder vil vaksinen sannsynligvis være et knapphetsgode. Vi må derfor lenge stå i en situasjon hvor mange av våre innbyggere ønsker å vaksinere seg fortare enn det vi får anledning til å tilby. Kommunen setter raskest mulig alle de vaksinene vi får tilgang til, og gir tilbud til befolkningen i tråd med de anbefalingerne vi får om prioritering.

### **Er koronavaksinen trygg?**

Selv om legemiddelmyndighetene i Europa og Norge legger til rette for rask utvikling og godkjennning av koronavaksiner, skal de strenge kravene til kvalitet,

effekt og sikkerhet fortsatt oppfylles. En vaksine blir bare godkjent dersom nytten vurderes som langt større enn risikoen.

Alle vaksiner har imidlertid bivirkninger, de fleste er milde og forbigående. Når vaksiner utvikles, er målet alltid at vaksinene skal gi best mulig effekt med minst mulig bivirkninger.

Selv om man tester de nye vaksinene grundig, vil man aldri kunne sikre seg helt mot sjeldne bivirkninger. Noen bivirkninger oppdages først når vaksinen tas i bruk, og gis til mange flere og mer varierte grupper enn i studiene.

Barn blir mindre syke av Covid-19 enn enn resten av befolkningen. Vaksinen er heller ikke testet på barn og unge. Vaksinasjon vil i første omgang derfor ikke anbefales til barn og unge under 18 år.

Mange lurer på om en kan reise hvor en vil etter å ha blitt vaksinert.

Både EUs myndigheter og Verdens helseorganisasjon (WHO) ser på muligheten for å innføre et globalt vaksinasjonssertifikat for dem som er koronavaksinert (slik som for gulfebervaksinasjon). Tanken er at dette skal gi visse rettigheter til å fly, krysse grenser og delta på arrangementer. Dersom dette blir aktuelt, vil regjeringen vurdere om det skal innføres i Norge. I så fall vil FHI komme tilbake med informasjon om hvordan sertifikatet skal utstedes og hvilke rettigheter de gir.

Hvis du ønsker mer informasjon om vaksiner har Folkehelseinstituttet oppdatert info til enhver tid. ([www.fhi.no](http://www.fhi.no))

Hjem kontakter jeg dersom jeg ønsker vaksinering:

Du kan ringe: 48959132 (kl. 08.00-16.00 på mandag, onsdag alle uker, i tillegg fredager i partallsuker).

I mellomtiden må vi alle være flinke til å følge de generelle smittevernrådene, for å holde smitten nede.



### **Takk!**

Hjertelig takk for pengegaven som ble gitt ved Petter Lie sin begravelse.

Hilsen Hjemmesykepleien

**ETNEDAL KULTURSKULE** har som mål å vera eit ressurssenter i bygda, fyrst og fremst som eit tilbod til born og unge frå 1. klasse og oppover. Musikk og kultur skapar positive sosiale relasjonar. I kulturskulen får elevane undervisning i ulike kunst- og kulturuttrykk gjennom kreativ lærings- og oppleving, og dei kan oppdage og utforske nye sider ved seg sjølv. Kulturskulen ynskjer å formidle verdien i opplæring på kulturfeltet som kunstforståing og ei dannelsesreise for den enkelte elev.

Undervisninga følgjer skuleruta og skjer på skulen i eigne lokale enkeltvis eller i grupper fortrinnsvis etter skuletid mandag, tysdag og fredag. Tidspunkt for timane blir avtala med kulturskulen ved starten av skuleåret. Lengda på undervisninga kan variere etter elevens behov og etter gruppestørrelse. Noko undervisning blir også gitt i form av seminar og fellessamlingar. Me har felles lærarar med fleire av våre nabokommunar, noko som opnar for samarbeid over kommunegrensene.

**Påmeldingsfrist til kulturskulen er i april kvart år, og me tek berre i mot påmeldingar på nettet. Treng du hjelp til dette, ta kontakt med servicekontoret i kommunen.**

**NB! Elevar som alt har ein plass i kulturskulen, må gå inn og re-registrere seg kvart år.**



### Skuleåret 2021-22

Påmeldingsfrist 9. april 2021

<https://noetnedal.speedadmin.dk/tilmelding>



Foto: Bente Hemsing



**Velkommen til eit kreativt og levande miljø!**

Kontaktperson: Bente Hemsing (rektor)

[bente.hemsing@etnedal.kommune.no](mailto:bente.hemsing@etnedal.kommune.no)

Telf. 971 52 445

### Lærarar i kulturskulen:

- Sissel Albrightsen Bakke (*kunstfag*)
- Serhiy Bykov (*piano, keyboard, kyrkjeorgel*)
- Lars Erik Haugerud (*Bruflat musikklag*)
- Bente Hemsing (*fiolin, hardingfele, tradisjonssong, kulturskulekor, teori*)
- Fredrik S Thorsen (*slagverk, band*)
- Arne Nygård (*gitar, bassgitar, ukulele, band, song*)
- Anne-Birthe Nord (*dans*)
- Kjell Ivar Vestrom (*Bruflat sangkor*)

### Elevkontingent:

Individuell song- og instrumentundervisning	1600 pr halvår
Individuell song- og instrumentopplæring, tilbod til vaksne,	3200 pr halvår
Kunstfag inkl. materiell	1100 pr halvår
Dans	1050 pr halvår
Band	1050 pr halvår
Kulturskulekor	1000 pr halvår
Småtrølltreff på Fagernes	600 pr halvår
Utvila speletime	450 pr halvår
Teorikurs for nybyrjarar - både elevar og foreldre i lag.	Enkeltelev 250 og familie 400 pr halvår

Det blir gitt 20 % syskenmoderasjon til sysken nummer to i alle tilbod, og kommunen har innført inntektsgradert foreldrebetaling frå hausten 2021. Søknadsskjema på kommunens heimeside.

### Instrumentutleige:

Kulturskulen har nokre instrument til utleige: langeleik, hardingfele, fiolin, toradar og xylofon. Pris for leige er kr 400 pr. semester.

**Teorikurset** er for dei som vil lære litt ekstra rundt note- og teoriforståing. Dette er eit nybyrjarkurs for alle aldrar, og foreldre er også hjartelag inviterte til å melde seg på. Det blir enkel note- og rytmelære, og me vil lytte til forskjellig type musikk og sjangrar. Dette krev ingen førehandskunnskap.



### **Kulturskulen har følgjande undervisningstilbod 2021-22:**

- Piano
- Keyboard
- Kyrkjeorgel
- Hardingfele
- Langeleik
- Fiolin
- Gitar
- Bassgitar
- Ukulele
- Band/samspel
- Slagverk
- Tradisjonssong, einetime
- Kulturskulekor
- Kunstfag
- Dans, frå 5 år og oppover (dei eldste i barnehagen er også velkomne). Grupper blir delt etter alder.
- Teorikurs, enkel musikkforståing for nybyrjarar, elevar og foreldre
- Småtrølltreff på Fagernes 0-2 år i samarbeid med dei andre valdreskommunane (datoar kjem seinare). Sjå [www.nakulturskole.no](http://www.nakulturskole.no)
- Individuell instrumentopplæring vaksne



Foto: Anne-Birthe Nord

Ved stor søkning til enkelte instrument og tilbod, kan eleven bli satt på ei venteliste. Dersom det er ledige elevplassar, opnar me for at vaksne kan melde seg som elevar, men då til dobbel pris.

Koret og korpset i Etnedal er for ungdom og vaksne, og dei er ein del av kulturskulen. Ta gjerne kontakt dersom du er interessert i å vera med:

**Brufat songkor**, dirigent Kjell Ivar Vestrom, kontaktperson Hege Rotnes, tlf 469 65 670. Øving er tysdagar på skulen. Samarbeid med Hedalen sangkor.

**Brufat musikklag**, dirigent Lars Erik Haugerud, kontaktperson Åge Kleven, tlf 957 97 299. Øving er tysdagar på Moajordet.

Ellen Oddveig Rudi er øystreslidring, og bur i Rogne. Sidan 2016 har ho vore kyrkjelydsarbeidar i Etnedal.(40 % stilling) Ellen er utdanna både som lærar og sjukepleiar, og for nokre år sidan starta ho også på diakonutdanning. Etter kvart fann ho ut at det var prest ho ville bli. No har ho berre eitt år att av prestutdanninga, og frå januar iår er ho prestevikar i Sør-Aurdal i 50% stilling.



## MEIR HIMMEL PÅ JORDA



Foto: Sondre Matias Rudi

I dag har eg døypt eit barn, og slike stunder gir mange tankar om mangt og mykje. Og eg kjem rett som det er tilbake til desse orda, meir himmel på jorda. Det er store ord. Ord som rommar så mykje meir enn dei korte stavingane. Ord som kan vera vanskelege å forstå no, i den tida vi lever i med korona restriksjonane som legg føring for kva vi kan bruke dagane våre til. Mange set ord på kjensler som er tunge; einsemd, frykt for noko ukjent, angst. Å vera likesæl, opplevelsen av at livet går forbi utan at ein kan farge dagane med dei fargane ein så gjerne ville. Kjensla av å ikkje ha kontroll. Mørke.

Men – i det store mørket fann eg eit lite ljós. Eg såg eit lite, nyfødd barn. Og eg møtte himmelen på jorda. Mora fortalte at denne dåpen kan hende betydde meir enn dei i utgangspunktet hadde forstått, fordi dei hadde bestemt seg for å snu avmakt over dåp med korona restriksjonar - til glede. Glede over å kunne fortelje om denne spesielle tida når den vesle vaks til, undringa over å få leva i ei historisk tid. Takksemad for den store gåva som kom til dei ei stjernekår vinternatt.

Og tankane kom til meg, der ved døypefonten. For eg fann håpet, eg såg livet og eg møtte Gud – gjennom to djupe barneaugo såg eg dei storverk som Gud gjer, og dei løftene Han har gitt oss. At det nye livet veks fram frå mørket, at ei ny tid ligg framfor oss der vi finn ljós og varme frå ei sol som aldri sloknar. Eg fekk oppleve at himmelen kom nær meg, og at mørket måtte vike for det vesle ljoset.

Kan hende treng vi å møte eit lite barn for å syna oss vegen, når det kan vera vanskeleg å finne leia. For sjølv det mørkaste rom har ein veg ut. I tankane reiser eg til Betlehem, der himmelen den aller fyrste gongen

synte seg gjennom augene til eit nyfødd barn. Og i tankane kan vi alle møte dette barnet når vi treng ljós for å finna den rette leia. For alle dagar er ikkje gode. Og mykje kan vera framandt og vanskeleg i den tida vi lever i. Men ljoset vinn over mørket. Martin Luther King sa eingong desse kloke orda om at mørket ikkje kan fordrive mørket – det kan berre eit ljós.

Eg trur me kan finna meir himmel på jorda ved å leita etter ljós der vi famlar i mørket, og ikkje la mørket vinna over livsgleda vår. Vera som eit barn og leita etter skattane som ligg løynde etter den leia me går, oppdagje små ting som kan gje andre farger til livsvegen vår enn dei vi hadde tenkt skulle vera der men som likevel lagar eit nydeleg bilet. Å finna attende til barnet i oss som ser dei små, ekte gledene som gjer livet så uendelig mykje større, og eiga denne tryggleiken om at vi kan kvila i ei famn der me finn både trøyst og glede. Det er i slike stunder himmelen kjem nær oss. Og det er i desse sekunda at vi får eige vår eigen himmel på jorda.

Ellen Oddveig Rudi

## Sjølvtillit og tryggleik

Det var ein gong ein forretningsmann som hadde sitt eige firma. Då han fekk vanskær med økonomien, lante han pengar frå banken, venner og andre firma for å berge seg. Likevel greidde han ikkje å koma over vanskane.

Ein dag sette han seg mismodig på ein benk i ein park. Han visste ikkje kva han skulle gjera. Brått kom det ein gammal mann og sette seg ved sida av han på benken.

- Kva er det med deg? Du verkar nedbroten, sa han.
- Eg held på å bli galen. Det finst inga berging, svara mannen. Så fortalte han heile histora til den gamle mannen, og sa at han måtte slå seg sjølv konkurs.
- Eg trur nok eg kan hjelpe deg, gje meg namnet ditt, svara den gamle.

Han drog fram eit sjekkhefte og skreiv ut ein sjekk på ein million dollar.

- Ta desse pengane og bruk dei på fornuftig vis. Så møtest vi her att om akkurat eitt år. Om du då har råd til det, kan du betala attende denne summen.

Den gamle mannen leverte sjekken og gjekk.

Forretningsmannen såg på sjekken, og oppdaga at mannen var John D. Rockefeller – den amerikanske milliardæren og grunnleggjaren av Standard Oil Company. Han var kjend for å støtte mange formål og å hjelpe menneske. Det seiest at han brukte 550 millionar dollar slik.

Forretningsmannen tok sjekken, og bestemte seg for å starte opp att verksemda si. Han brukte ikkje pengane, men sjekken gav han tryggleik og styrke. Han fekk etter kvart betalt alle låna, og firmaet var bærga.

Etter eitt år drog han attende til parken, og der såg han den gamle mannen som sat på ein benk. Han heissa på Rockefeller, leverte attende sjekken og takka så mykje. Han byrja å fortelja korleis han hadde greidd å bærga forretninga utan å heva sjekken.

Medan han ivrig prata, kom det ein sjukepleiar mot dei. Ho stoppa ved den gamle mannen og sa: - Å, endeleg fann eg deg her.

Ho snudde seg til forretningsmannen og sa: Eg vonnar han ikkje har vore til bry for deg. Han rømmer ofte frå den psykiatriske klinikken like ved parken her. Han likar å snakke med folk, og så påstår han at han er John D. Rockefeller.

Forretningsmannen stod der sjokkert. Det var ein sjekk og ei lygn han hadde trudd på. Sjølvtillit og tryggleik kan gjera underverk.

Walid Al-Kubaisi

## Slekters gang

# DØDE



### Bruflat sokn

Steinar Myhre  
Guri Saglien  
Reidar Nedrud

### Nord-Etnedal sokn

Steingrim Hestekind

## Tre blomster

Det var ein gong tre blomar. Menneska hadde gjeve de mange namn, og nokon sa at dei hadde vakse opp under Frelsaren sitt kors.

Sidan hadde dei spreidd seg til alle land.

Så skjedde det at ein stor vinter kom over verda. Is og sno dekka all jord.

- Kor er alle blomane, spurde menneska. Dei fleste trudde for visst at plantene hadde frose i hel. Vinteren vara ved, den eine dagen gjekk over i den andre.

- Skal det aldri bli vår att, sukka folk. Men ingen så teikn til det. Frost og kulde vara veke etter veke. Då dei fyrste spirene viste seg på ein berrflekk, spådde kloke hovud at dei aldri kom til å klare seg. Det såg lenge ut til at dei kloke skulle få rett. For det kom meir frost og meir sno.

Menneska venta og lengta. Det gjekk så smått at ingen heilt merka endringane, korleis det begynte å tine under snoen. Berr-flekkane vart større og større. Ein vakker dag var det ikkje vinter lenger.

- No blir det vår, ropte ungane. Bekkane gjekk fulle av vatn, linerlene vippa med stjerten og ungane hoppa paradis. Til slutt stod sjølve sommaren for døra. Då var menneska ute att på vegar og stigar. Det vart pinse, og eit velsigna vær. Blomane stod mot sola – grøne, gule og raude.

- Kva heiter dei, spurde menneska.

- Vi heiter Tru, Håp og Kjærleik, kviskra blomane.

Dan Lindholm



# PRESTENS HJØRNE

## Jesus hadde eit stort program

Det er 70 år sidan Tor Jonsson døydde, den allsidige forfattaren frå Lom i Gudbrandsdalen. Han er mest kjent som lyrikar, kjenslevar og personleg utleverande, men han skreiv også prosatekstar, særleg for dei små og fattige, og alltid i opposisjon til trongsyn og autoritetar. Mange har diskutert om forfattaren var gudleg, og det er ikkje tvil om at han såg på Jesus som ein revolusjonær helt, og han gjekk alltid i striden mot dei som underkua andre. Tor Jonsson sa ein gong: «**Jesus hadde eit stort program, men så vart det berre kyrkje av det.**»

Eg er heilt einig med Tor Jonsson i det fyrste, og langt på veg i det andre. Han vaks opp med store klasse-skiller, og i nord-dalen, nett som mange andre stadar, var dette skillet merkbart, også i kyrkja. Eigne plassar og posisjonar for dei store, langt verre for dei sokalla små. Heldigvis har det skjedd store endringar, men vi skal stadig ha temaet om opplevd utestenging med oss, for slik vil ikkje Jesus ha det. Han inkluderte alle, og det skal vi og gjere. Det var kjerna i livsprogrammet hans. Med same respekt, kjærleik og verdigheit møtte han menneske, og etter nesten tre offentlege år, tok han til å førebu lærersveinane sine på høgdepunktet i sin livsgjerning. Han skulle, ved døden på krossen, dra alle menneske til seg, og etter tre dagar skulle han stå opp att frå grava. Dei skjøna det ikkje, ville ikkjetru det, og gjennom dramatiske påskedagar var det sorg, forvirring og frykt. Så kom Jesus sjølv, synteg for dei etter oppstoda, og det gjekk opp for dei litt etter litt; det var verkeleg Herren!

Før han vende attende til den himmelske dimensjon førti dagar seinare, gav han, nett til desse elleve eit spesielt oppdrag. Gå og fortel – til alle folkeslag, det de har sett og høyrt.

Det finnst ei legende om erke-engelen Gabriel, som konfronterte Jesus då han kom attende til himmelen. Han var litt betenkta. Han såg dei elleve, grunnutdanninga si hadde dei fått i den jødiske synagogen, og tre år hadde dei vore i fylgle med Jesus ... Vanlege menneske, var dei, som vi, gjorde små og store feil, som vi. Ja, den avgjerande natta då Jesus vart arrestert, nekta leiaren deira, Peter for at han i det heile take kjende Jesus, han banna til og med på det.

På bakgrunn av det han såg hadde Gabriel gjort sine eigne analyser. – Og du satsar heilt og fullt på desse, Jesus? spurte Gabriel. Ja, var Jesu svar. – Du har ikkje eingong ei aldri så lite reserveløysing om det skulle gå gale? Nei, inga reserveløysing.

Det var desse elleve.

Så kom pinsa, der dei fekk kraft, himmelglede og friedom, og leiaren Peter sto fram og vitna:

«... Ved hjelp av hendene til lovlause nagla de Jesus til krossen og drap han. Men Gud reiste han opp att og løyste han frå dødsriene. Døden var ikkje sterkt nok til å halde på han. ... Denne Jesus som de krossfeste, han har Gud gjort både til Herre og Messias.»

Sidan har Jesusrørsla vakse seg stor. Gjennom ufullkomne, truande menneske ... Det vart kyrkje av det, - etter kvart delt inn i ulike greiner, med ulike meininger om mykje, men eit trusfellesskap - på grunn av Jesus åleine!

*«Å salige stund uten like,  
han lever, han lever ennu!  
Han vandrer i seieren rike,  
min sjel hvorfor sørger da du?  
Han er ikke lenger i graven,  
hvor bleknet i døden han lå;  
/jeg levende så ham i haven,  
og aldri så skjønn jeg ham så.:/*

*Han lever, og jeg skal få bringe  
hans venner det salige ord –  
tenk, jeg som er ringest blant ringe,  
den minste han kjenner på jord.  
Tenk, jeg skal hans hilsen frembære,  
å kunne jeg synge det ut!  
/:Mer kunne ei engler begjære  
enn gå med så salig et bud.:/*

*Johan Halmarast*

God påske!  
Marit prest

# VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



## Søndag 28. mars – Palmesøndag

*Preiketekst: Matt 26, 6-13*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Takkoffer til Norsk Lutherisk Misjonssamband.

## Skjærtorsdag, 1. april

*Preiketekst: Luk 22, 14-23*

Kl. 11.00 Etnedalsheimen. Nattverd  
Kl. 19.00 Bruflat kyrkje. Nattverd

## Langfredag, 2. april

Kl. 12.00 Merk tida! N.Lenningen seterhus.  
Friluftsandakt.

## 1.Påskedag – 4. april

*Preiketekst: Matt 28, 1-10*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Høgtidsgudsteneste.  
Nattverd. Takkoffer til Det norske  
Misjonsselskap

## 2. Påskedag - 5. april

*Preiketekst: Luk 24, 36-45*

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.  
Påskegudsteneste. Nattverd.  
Takkoffer til Det norske  
Misjonsselskap.

## 11. april – 2. søndag i påsketida

Inga gudsteneste

## 18. april – 3. søndag i påsketida

Kl. 11.00 Gudsteneste med konfirmantane på  
seterhuset, Lenningen.

## 25. april – 4. søndag i påsketida

*Preiketekst: Joh 13, 30-35*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Takkoffer til KRIK

## 1. mai

*Preiketekst: Luk 14, 12-14*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Solidaritetsgudsteneste.  
Takkoffer til Norsk folkehjelp.

## 2. mai – Inga gudsteneste

## 9. mai – 6. søndag i påsketida

*Preiketekst: Matt 7, 7-12*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd. Takkoffer til  
Det norske bibelselskap.

## 13. mai – Kristi himmelfartsdag

Inga gudsteneste

## 17. mai - Grunnlovsdagen

*Preiketekst: Matt 22, 17-22*

Kl. 10.30 Bruflat kyrkje??  
Takkoffer til trusopplæring i  
kyrkjelyden.

## 23. mai – 1. pinsedag

*Preiketekst: Joh 14, 15-21*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd. Takkoffer til  
Det teologiske Menighetsfakultet.

## 24. mai – 2. pinsedag

*Preiketekst: Joh 6, 44-47*

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Takkoffer til  
Norsk Lutherisk Misjonssamband.

## 30. mai – Treenighetssøndag

*Preiketekst: Luk 10, 21-24*

Kl. 16.00 Nord-Etnedal kyrkje.  
Samtalegudsteneste.

## 6. juni – 2. søndag i treeinighetstida.

*Preiketekst: Joh 3, 26-30*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Konfirmasjon.  
Takkoffer til Frelsesarmeene, Odnes.

## 13. juni – 3. søndag i treeinighetstida.

*Preiketekst: Joh 1, 35-51*

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Konfirmasjon  
Takkoffer til Frelsesarmeene, Fagernes.

## 20. juni - Inga gudsteneste

Med atterhald om evt. endringer.

Gudstenestene blir annonsert i avis Valdres,  
på heimesida vår; Kyrkja i Etnedal, og på  
Face-book-sida, Kyrkja i Etnedal.

## Takkoffer på Vipps? Søk på:

Nord- Etnedal kyrkje eller #515732

Bruflat kyrkje eller #515731

Merk kven takkofferet er til.



**Engelen til kvinnene: «Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. 6 Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg!**

<sup>1</sup> Då sabbaten var til ende og det tok til å lysna første dagen i veka, kom Maria Magdalena og den andre Maria for å sjå til grava. <sup>2</sup> Då kom det brått eit kraftig jordskjelv, for ein Herrens engel steig ned frå himmelen, gjekk fram til grava, rulla steinen ifrå og sette seg på han. <sup>3</sup> Han var som eit lyn å sjå til, og kleda hans var kvite som snø. <sup>4</sup> Vaktmennene skalv av redsle for han og vart liggjande som døde. <sup>5</sup> Men engelen tala til kvinnene og sa: «Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. <sup>6</sup> Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg! <sup>7</sup> Skund dykk av stad og sei til lærersveinane hans: ‘Han er stått opp frå dei døde, og no går han føre dykk til Galilea; der skal de få sjå han.’ – No har eg sagt det til dykk.» <sup>8</sup> Då skunda dei seg bort frå grava, redde, men jublende glade; og dei sprang av stad for å fortelja det til lærersveinane. <sup>9</sup> Og sjå, Jesus kom imot dei og sa: «Ver helsa!» Då gjekk dei fram, tok om føtene hans og tilbad han. <sup>10</sup> Og Jesus sa til dei: «Ver ikkje redde! Gå og sei til brørne mine at dei skal fara til Galilea. Der skal dei få sjå meg.»

Matteus 28,1-10